

Os kommune

Oppvekst og kultur

Os, 12.09.2017

## Informasjonstavle sentrum

### Merknad til Kostnadsoverslag/Budsjett

I tilknytning til løypene som blir merka i Os er det også hengt opp ei rekkje informasjon/-karttavler. Desse tavlene varierer noko i størrelse, men tavlene har som hensikt å vise med eit tydeleg kart dei ulike traseane folk kan gå i område, informera om det er noko særskilt for dette området, men og generelle opplysningar tilknytt friluftslivet. Tavlene som vi har hengt opp i Os er laga gjennom Utmarksressurs.

Det vi ønskjer å få til no er ei større tavle som skal stå i Os sentrum. Dette blir ei startpunkttafle med 3-4 turalternativ, men vi ønskjer å få i stand ei tavle saman med andre aktørar i Os. Når ein f.eks. går på tur frå sentrum og følgjer Strandvegen, vil ein på vegen treffe på Solstrand Fjordhotell, Oseana Kunst og Kultursenter, Oselvarverkstaden, Bjørnefjorden Golfklubb, Det Historiske Tune Lyngheim samt Friluftsparken som ligg på same område, og ikkje minst Oselvarverkstaden. Dette blir ei sentrumsnær tavle, som blir plassert med nærleik til Buss-stasjonen, Taxisentralen og Parkeringsplass. Det vi ønskjer er å formidle informasjon om dei ulike aktørane dei som går på tur vil treffe på. Ei slik tavle vil bli meir omfattande enn dei som Utmarksressurs har laga for oss tidligare, og det vil og krevjast meir kompetanse. Til ei slik tavle har underteikna vore i kontakta med eit lokalt firma, Loops. Loops reklamebyrå kombinerer merkevarebygging, design, produksjon og montering innanfor dei same fire veggene. Dette er ganske unikt. Og dei har spisskompetanse på alle områder. Ei tavle produsert av Loops, óg med tanke på storleik, vil bli meir kostbar enn dei vi har fått produsert tidligare.

Vedlagt i søknaden ligg eit kostnadsoverslag frå Loops. (Vedlegg 12)

Roar Haugsgjerd

Konsulent idrett og friluftsliv

Kultureininga/- Os kommune